

Tur nr 11A Furåsen

Traktorveg til den fråflytta fjellgarden Furåsen. Fint utsyn over Fortunsdalen og fjella ikring.

Parkering: Parker på plassen ved butikken i Fortun, 5 km frå Skjolden på riksveg 55 mot Lom.

N 61°29' 42" E 07°41' 22"

Sone 32 N 6818626 E 430226

Tid: 3 timar (Total gangtid, tur-retur)
Høgde: 60– 480 moh
Lengd: 5 km tur-retur
Kart: Lusterfjorden 14171(1:50000), eller Breheimen (1: 100 000)
Post: Ved utsiktspunkt
Merking: O-merka traktorveg

Vegen:

- Følg riksveg 55 frå parkeringsplassen mot Sognefjellet. (I svingen har du godt utsyn over området der den gamle Fortun stavkyrkje stod)
- Etter 500 m: Ta til høgre gjenom grinda og inn på traktorvegen.
- Følg traktorvegen til du er framme.



Vegen stiger bratt oppover mot Vetleåsen. Etter kvart får vi godt utsyn mot **Fortunsdalen** under oss. Namnet Fortun tyder "fyrste tunet". (På vegen til Turtagrø finn vi Opptun- "øvste tunet".)

Mellom riksveg 55 og Fortunselva ser vi **Fortun kyrkje**. Kyrkja stod ferdig bygd i 1879, og erstatta ei gammal stavkyrkje som seinare vart riven og flytta til Fantoft ved Bergen. **Fortunsvassdraget** vart utbygd i 1950-åra og har tre kraftstasjonar. Den største er **Fortun kraftverk** på Skagen. Krafta går på høgspenlinje til Årdal, der energien blir nytta til aluminiumsproduksjon. Kraftlina passerer stien vår på Vetleåsen, og går vidare opp til Berdalen.

På Vetleåsen tek ein sti av til fjellgarden **Fuglesteg** som ligg i fjellsida til venstre for Furåsen. Fuglesteg vart fråflytta i 1968.

Vel **oppe på Furåsen** kan vi nyta utsyn langt innover Fortunsdalen mot Nøstedalsseter, og den andre vegen mot Skjolden med Eidsvatnet og Haugsbukta, som er den aller innte delen av Lusterfjorden.

Garden Furåsen har fått namn etter treslaget som veks her. Før 1700 heitte garden Preståsen, og var ein del av kyrkjejorda i Fortun.

Furåsen vart fråflytta tidleg på 1990-talet, men det blir framleis hausta for på garden. På garden står sendemast for radio, fjernsyn og mobiltelefon.



Vi ønskjer Dykk ein hyggeleg tur!
Skjolden Aktiv og IL Fanaråk

Tekst-Foto-Utforming: Vatne Vision
vatne@postl.com